

Meland kommune

Tenesteområde Plan, Utbygging og Kommunalteknikk

v/ juridisk rådgjevar Marianne Aadland Sandvik

Pb 79, 5906 Frekhaug

Ulset 15.02.2019

Sak : Søknad frå Mette og Inge Østergaard om rett til å byggja tilførselsveg til eigedomen Gnr/Bnr 1/399, Flatøyvegen 128.

Som eigarar av naboeigedomen Gnr/Bnr 1/403, Flatøyvegen 130 har me, Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtsen motteke nabovarsel. Merknader er sende til søkjar og er vedlagde her. Me viser også til synfaring då dette vegprosjektet vart presentert for ei tid sidan.

I tillegg til dei nemnde merknadane ønskjer me å peika spesielt på følgjande :

1. Me skjønar og aksepterar at det trengst betre tilførselsveg til Flatøyvegen 128 enn den dårlege troppa som i dag går frå kjerrevegen (ikkje «bygdesti») og opp til grensa for eigedomen. Dette kunne etter vår meining ordnast *utan* det omfattande vegprosjektet som er presentert i søknaden. Ei etter måten enkel utbetring frå grenseområdet og ned til kjerrevegen ville gje vesentleg betre tilkomst enn dagens (ca 10 m, litt sprenging og masseflytting). Då me for nokre år sidan bygde på vår hytte i Flatøyvegen 130, var kjerrevegen tilstrekkeleg for framføring av stor gravemaskin, for tung transport av singel, mørtel og andre byggjevarer. Tilsvarende vil utbetring som nemnt ovanfor, kunna løysa transportbehovet for vanleg vedlikehald og eventuell påbygging av Flatøyvegen 128 (gravemaskin og eventuell rigg går til vanleg på belter og tek seg fram også i nokså ulendt terreng). Til orientering : i vårt skøyte er også Gnr/Bnr 1/399 nemnd med same vegrett som den me har.
2. For a) og b) i dette punktet og pkt 3 viser me til vedlagde kopi av vegplanen.
 - a) Den mottekne vegplanen er ufullstendig der vegen skal starta, merka R28. U-svingen inn mot låvebrua er ikkje fullt innteikna. Dermed er det ikkje vist at u-svingen vil ta ein vesentleg del av plassen ved løa (merka med raud ring og pil av meg). Grunneigar Hilda Austegard eig plassen her, men me har i over 20 år hatt skriftleg avtale om P-plassar på området. Gjennomføring av planen vanskeleggjer parkering.
 - b) Vidare viser planen omfattande inngrep i *vår eigedom* i grenseområdet mellom søkjar sin eigedom, vår eigedom og hovudbruket, Hilda Austegard sin eigedom (merka med to raude piler). I same området er det nemnt «Alt. snuplass / vei-fortsettelse», altså mogeleg vidareføring av vegen (raud ring). Her trengst det avklaring og endring før me i det heile kan diskutera å godta planen.
3. På den vedlagde kopien har me stipla inn med rosa og svart farge ei vegløyning som etter vår meining vil vera vesentleg betre enn den omsøkte. Det kan sjølvstøtt berre gjennomførast dersom grunneigar Hilda Austegard kan godta løysinga. Langs den prikkja og tenkte veglina er det avmerka tre punkt med romartal, *I, II og III*. *Punkt I* markerar eit *mogeleg startpunkt* nær vegen opp til Fl.vegen 134 (det tidlegare

våningshuset på Gnr/Bnr 1/12). *Punkt II* ved «utedo» kan justerast slik at stigningen vert tilfredsstillande (for over 20 år sidan hadde ei campingvogn utedo her nokre år). *Punkt III* er i grensa der noverande trapp kjem opp på Gnr/Bnr 1/399. Her har søkjar i sin plan lagt inn omfattande utsprenging inn mot sin eigedom. Til samanlikning vil ovannemnde vegforslag krevja mindre justering / senking av terrenget her for å få tilfredsstillande stigning på vegen (jf også pkt 1 framanfor).

Konklusjon : Kan grunneigar Hilda Austegard godta den foreslegne veglina, vil det krevja fylling / mur frå startpunktet I inn mot stigningen i terrenget – fylling / mur må også ha stigning. Vegen kan gje enkel og god tilgang til grunneigar sitt område på nedsida av kjerrevegen (mellom punkta I og II). Mellom punkta II og III og inn mot vår eigedom / langs kjerrevegen vil det vera relativt enkelt å laga P-plass / sнопlass. Herifrå kan det også vera relativt enkelt å forlenga vegen vidare opp mot grunneigar sin eigedom (kjerrevegen oppover vil som hittil vera tenleg for oss). *Jordkjellaren* vil vera utanfor den foreslegne veglina. Kjerrevegen vil vera urørd opp til og litt forbi jordkjellaren og kan lett vidareførast som sti over veglina (for turgåarar vil ev ny veg framstå som godt alternativ).

Ved gjennomgang og drøfting av søkjar sitt vegframlegg håpar me at også våre merknader og særleg dei synspunkta som er nemnde her, vil verta vektlagde. Me ønskjer også å verta inviterte til eventuell synfaring.

Med venleg helsing

Henrik Brigtsen

Bruskedalsreset 86, 5115 Ulset / tlf 55 18 04 62 / 916 16 972 // hbriegt@online.no

Medeigar Berit Sofie Hoffstad er pt bortreist.